

# Klimaskygge

**KOMMENTAR:** Diskusjonen om oljeverksemda og klimapolitikken bør dyrkast, ikkje kvelast.

## Klaus Mohn

Professor, Handels-  
høgskolen ved  
UIS og NHH



«Oljeskyggen» høyrer ein stundom brukt om dei delane av landet som bryr seg lite om oljeverksemda, og som ikkje har fått med seg alt det eineståande som går føre seg i og rundt denne næringa. «Noreg hadde sett annleis ut om oljeplattformane hadde lege i Oslofjorden», høyrer ein gjerne frå folk «i oljå», når dei klagar over manglande merksemd austom Langfjella for den viktigaste verksemda her på Vestlandet.

### Historier farga av interesser

Det er ikkje folka det er noko feil på. Dei er stort sett dei same over alt. Saka er vel heller at perspektiv og synsmåtar blir farga av det ein lever av, med andre ord av eigeninteresse. Slik er det for oljeverksemda, og slik er det for klimautfordringa, sjølv om idealisme spelar ei større rolle i klimaspørsmål. For samanhengen mellom oljeutvinning, CO<sub>2</sub>-utslepp og global oppvarming let det like fullt til at lyset har nådd andre delar av landet, medan vår region i større er prega av klimaskygge. Framstillingane av oljeverksemda og klimautfordringa er langt frå like på tvers av landet og folkesetnaden. På den eine sida har ein dei som ivrar for ein mest muleg offensiv klimapolitikk, med harde tiltak for å redusere CO<sub>2</sub>-utslepp innanlands, sterk støtte til forskning og teknologiutvikling, samt ei styrt avvikling av olje- og gassverksemda i Noreg, jamvel med programfesta sluttdato. Dette er sjeldan fugl på Vestlandet, og lokalpolitikarane

på våre kantar har difor lite å tene på å smigre slike veljarar.

### Politikarar snur kappen etter vinden

På den andre sida finn ein dei som meiner at klimautfordringa må løysast globalt, at innanlandske tiltak må avgrensast til plikter under internasjonale avtaler, og at oljeverksemda kan halde fram så lenge ho løner seg – etter som ulempene for klimaet ved oljeutvinning er reflektert i kostnaden ved utslepp av CO<sub>2</sub>. Dei som tvilar på heile hypotesen om menneskeskapt oppvarming, dei såkalla klimaskeptikarane, vil naturleg nok finne seg best til rette i denne siste gruppa.

Desse karakteristikkane er ein smule karikerte, men mange vil nok likevel kjenne seg att, i alle fall i enkelte hovudtrekk. Den siste gruppa er uansett sterkare representert i Rogaland enn i resten av landet, mens det motsette gjeld for den første gruppa. Her ligg nok ei av forklaringane på at politikarar i alle leirar er varsame med utspel som kan tolkast som innvendingar mot oljeinteressene.

### Utvinninga av olje må ned

Ingenting av dette endrar bodskapen frå FN sitt klimapanel. Ambisjonane frå Paris-avtalen i 2015 er skyhøge, og avheng av ei omstilling verda knappast har sett maken til. Ein rapport frå hausten 2018 gjorde greie for kva som skal til for at verda skal nå eit mål om maksimalt 1,5 graders temperaturauke. I så fall må nettoutsleppa av CO<sub>2</sub> reduserast til null i løpet av 30 år, og forbruket av olje og gass må dempast til under halvparten av dagens nivå i same tidsrom, med mindre ein lykkast i massiv fangst av CO<sub>2</sub> med lagring i undergrunnen. Og akkurat det er det lite som tyder på i dag.

Med kraftig lut må ein dempe utvinninga av fossile brensel. For oljeselskapa vil klimapolitikken såleis gje lågare etterspurnad, lågare prisar og lågare inntekter. Men så er det ikkje sikkert at klimapolitikken vil lykkast, i alle fall ikkje i første omgang.

Klimapolitikken er dermed omfatta av stor uvisse, som igjen reiser risiko for olje- og gassverksemda. Ei auke i uvissa gjer at oljeselskapa blir meir atterhaldne med investeringane, og spesielt varsame når det gjeld langsiktige prosjekt. Samstundes vil dei søkje nye forretningsområde for å spreie risikoen. Alt i alt vil ein ambisiøs og vellykka klimapolitikk gje ei demping av oljelerelatert aktivitet og inntekter, for Norge generelt, og for Rogaland spesielt. Om klimapolitikken ikkje lukkast, så kan oljeverksemda kanskje halde fram om lag som før - inntil vidare. Men i så fall risikerer ein eit seinare omslag som blir meir brått, meir kostbart og meir smertefullt.

### Nytt klima for oljepolitikken

Nye tider kallar på nye tankesett. Det er ikkje opplagt at løysingane frå i går er dei beste for å møte utfordringane i morgon. I Noreg har ein lenge skilt skarpt mellom oljepolitikken på eine sida og klimapolitikken på den andre sida. Dette skiljet er no under press, ikkje berre frå særinteresser og småparti, men frå krefter langt inne i dei store etablerte partia. Eit døme er debatten om klimapolitikk og rammevilkår for oljenæringa som har pressa seg fram i Arbeiderpartiet gjennom dei siste par månadane, der leiande politikarar har argumentert for at skattesystem og rammevilkår for oljeselskapa bør greiast ut i lys av klimautfordringa og klimapolitikken. Ein lærer ikkje altfor mykje nytt av å kvele slike diskusjonar før dei kjem i gang. Omstilling av økonomien inneber at enkelte næringar må vike plass, slik at andre næringar kan vekse fram. Om alt skal vekse nett som før, så blir det inga omstilling. Difor må ein akseptere ein offentleg samtale om korleis ein best kan møte stagnasjon i oljeverksemda med ein gjennomtenkt politikk for framvekst av nye næringar. Med fakta og kunnskap som utgangspunkt er me alle best tent med open og fordomsfri meiningsbryting om denne store viktige problemstillinga for norsk økonomi og samfunn i tida som kjem.

*Perspektiv og synsmåtar blir farga av det ein lever av, med andre ord av eigeninteresse*

## Alpinisten

**DRØSET:** Sist han hadde slalomski på beina, knakk han kragebeinet. Var det ein god idé å prøva igjen?

Forsøka deira på å leva opp til myta om nordmenn fødte med ski på beina hadde – ærleg talt – vore mislukka. Det var lenge sidan han hadde kjent noko driv etter å oppsøka snø og kulde. Men det er utruleg kva dårleg samvit og norsk nasjonalromantikk kan føra med seg. Det er komplisert å vera norsk forelder – og ikkje ha gitt barna sjansen til å læra seg å stå på ski.

Sist dei prøvde seg i fjellheimen, enda ho han framleis var gift med på legevakten med forstua tomme, mens sonen blei sitjande og grina ute i ei fonn fordi han mista si første tann. (Kona hamna forresten på legevakten året før også.)

Sist han sjølv hadde hatt slalomski på beina, for 16 år sidan, hadde han bare ram-

la ein gong. Til gjengjeld høyrde han at noko knakk ein stad i overkroppen. Det er utruleg kor mykje styr og vondt det kan bli av eit så lite og tilsynelatende ubetydeleg bein som kragebeinet.

*Ein lett nervøs far. Ei minst like nervøs mor, og to uvitande barn som skulle prøva seg for slalom for første gong.*

Men, upåverka av si eiga begredelege alpine historie, her var dei på veg til fjells og vinterferie. Ein lett nervøs far. Ei minst like nervøs mor, og to uvitande barn som skulle prøva seg for slalom for første gong.

Første dag var dei som Bambi på isen. Han prøvde å vera ein tolmodig og pedagogisk far som snakka med rolig stemme, sjølv når han gjentok ting for 143. gong. Han lukkast bare delvis. Barna var i midtels godt humør.

Dag to ploga ungane seg ned den vesle bakken på eiga hand. På dag tre tok dei trekket sjølv, og hadde tilsynelatande skjønna grunnleggjande svingteknikk.

Den fjerde dagen var alle så slitne i beina at dei heldt seg på hytta.

På dag fem tok far og dotter det store stoltrekket heilt til topps, til 1200 meter og uendeleg lange, slake bakkar nedover.

Han sansa noko i sidesynet på veg nedover. Han tykte eigentleg det gjekk ganske fint. Teknikken var nok ikkje finslepen, men han heldt seg på beina, prioriterte rolige svingar framfor høg fart.

Noko mørkt dukka opp ved sida hans. Den vesle kroppen tok forbi og forsvann ned bakken. Han blei passert av si eiga dotter. Endeleg.



«Oljefritt Lofoten, Vesterålen og Senja for alltid» stod det på banneret utanfor Aps landsmøte i 2017.

